

# **SJUKMELDING, EIGENMELDING, KARANTENE, HEIMEKONTOR, FERIE, FORSIKRING, ALDERSPENSJONISTAR, STENGTE SKULAR OG BARNEHAGAR?**

## **Kva rettar og plikter har den tilsette i Sykkylven kommune i samband med den situasjonen Sykkylven kommune er i no?**

Under finn du som er tilsett i Sykkylven kommune ei oversikt over gjeldande regelverk/retningslinjer pr. 20.03.2020 for deg som er tilsett i Sykkylven kommune. Vi forsøker å oppdaterer desse fortløpande, men det kan vere lurt å følgje med på nav.no og ks.no også.

<https://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyttig-a-vite/sporsmal-og-svar-i-forbindelse-med-koronaviruset>

<https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/informasjon-om-koronaviruset/sporsmal-og-svar/>

### **Er du smitta av viruset?**

Då kan du ha rett på sjukmelding  
Og du får sjukmelding av lege når du vert testa.

### **Er du usikker på om du er smitta?**

Då skal du levere eigemelding til kommunen (til din nærmaste leiar). Regjeringa oppmodar kommunane til å goda eigenmelding på 16 dagar samanhengande. Sykkylven kommune har bestemt at dette skal også gjelde for vår kommune.

### **Er du pålagt karantene?**

Hindrar karantena deg i å jobbe?

1. Kan du arbeide heimanifrå? Ta kontakt med din nærmaste leiar for å avklare dette.
2. Dersom du ikkje kan ha heimekontor må du spørje din nærmaste leiar om du kan nytte eigenmelding.
3. Dersom du er i den gruppa som helsemyndighetene har pålagt karantene (<https://helsenorge.no/koronavirus/karantene-og-isolasjon>) kan du ha rett på sjukepengar
4. Har kommunelegen pålagt deg karantene så kan du også ha rett til sjukepengar.

### **Nokon av dei eg bur saman med er sjuke/ andre i husstanden er sjuke**

Då kan du ha rett til sjukmelding, men ta

1. først kontakt med kommunen om heimekontor
2. dersom ikkje får utført arbeidet ditt ved bruk av heimekontor – be om eigenmeldingsdagar
3. dersom du må ha sjukmelding så ring legen

### **Må du vere heime frå jobb fordi barnehage og skule er stengt?**

1. Kan du ha heimekontor? Høyr med din leiar om moglegheita til dette.
2. Om du ikkje kan ha heimekontor kan du nytte omsorgsdagar.
  - Dobling i tal omsorgsdagar  
Den 20.03.2020 vedtok Stortinget ei dobling av tal omsorgsdagar. Doblinga gjeld alle tilsette uavhengig av kor mange dagar den tilsette har hatt per år fra før og trer i kraft frå 13.03.2020. Dagar som allerede er brukt går til fradrag. (Har du eit eller to born som er 12 år eller yngre, får du 20 omsorgsdagar kvar i 2020, ved tre barn eller fleire som er 12 år eller yngre, får du 30 omsorgsdagar kvar i 2020, einslege forsørgarar og foreldre til kronisk sjuke har eit utvida tal dagar med omsorgspengar.)

- Overføring av omsorgsdagar mellom foreldre  
For å legge til rette for at foreldre som arbeidar i samfunnskritiske funksjonar, skal kunne fortsette sitt viktige arbeid, blir det mogleg å overføre dagar med omsorgspengar mellom to foreldre. Av praktiske årsakar er adgangen generell, men det vert oppmoda til å bruke denne moglegheita for å sikre viktige samfunnsfunksjonar.
3. Har du ikkje fleire omsorgsdagar igjen så må du gjere ein avtale med din nærmaste leiar. Ein slik avtale kan mellom anna innebere at du må bruke av ferie eller avspasering.

<https://www.nav.no/familie/sykdom-i-familien/nb/omsorgspenger#Hvor-mange-omsorgsdager-har-du>

#### **Kan du få utsatt ferien fordi ferien ikkje lenger kan nyttast slik det var planlagt?**

Sjukdom og pålagt karantene kan gi grunnlag for utsetting av ferien etter ferielova § 9. Utover desse tilfella har ikkje den tilsette noko rett til å kreve ferien utsatt sjølv om det ikkje lenger er mogleg å reise på den ferien som var planlagt el.l. Arbeidsgjevar kan velje å akseptere slik utsetting. Om mange skal avvikle ferie når kommunen er i ordinær drift igjen, kan det skape utfordringar.

#### **Kva skjer dersom du reiser til område som vil føre til karantene når du kjem tilbake til Sykkylven?**

Arbeidsgjevar forventar at dei tilsette er lojale og følgjer retningslinjer og råd nasjonalt og kommunalt. Dersom den tilsette likevel reiser til desse områda vil arbeidsgjevar vurdere om det blir ei personalsak i etterkant.

#### **Kva ligg det i å ha heimekontor?**

Arbeidsgjevar har ei forventning om at den tilsette i samband med heimekontor, anten pålagt eller frivillig, utfører dette så nært opp til ein ordinær arbeidssituasjon som mogleg. Arbeidsgjevar forventar at den tilsette i samband med heimekontor er tilgjengeleg og disponibel. Den tilsette vert oppmoda om å stemple seg inn/ut eller føre oversikt over arbeidstid på ein annan måte. Denne oversikt skal sendast nærmaste leiar ein gong pr. måned.

#### **Omplassering til anna arbeid/omdisponering av tilsette**

Ut frå arbeidsavtalen mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar ligg det at arbeidstaker si arbeidsplikt og arbeidsgiver sin styringsrett vert utvida i ekstraordinære situasjonar, som til dømes ved alvorleg sjukdom og epidemiar. Det vil seie at den tilsette har ei plikt til å slutte lojalt opp om arbeidsgjevar sine interesser og behov, og å etterkome arbeidsgjevar sin ordre. Dette er forankra i beredskapsbetraktningar og kommunen sin viktige og sentrale samfunnsposisjon.

Det vert elles vist til skriv utsendt frå kommunen datert 16.03.2020 der det vert vist til at i ein slik situasjon må ein vere lojal og smidig, samt at det vert oppmoda om at ein utviser ei positiv haldning.

Forutsatt at kommunen sin slutnad om omdisponering skjer under omsyn til den einskilde arbeidstaker sitt individuelle forhold, vil det vere ordrenekt som kan gi grunnlag for arbeidsrettsleg sanksjonar dersom ein nekter å etterkome avgjerla.

#### **Bruk av sosiale media**

Arbeidsgjevar vil gjere dei tilsette merksam på å vere varsam med bruk av sosiale media generelt i arbeidssamanheng, men også spesielt i desse tider der det er mange som har heimekontor.

## **FORSIKRINGAR**

1. Skal kommunen sine forsikringar gjelde så MÅ det vere inngått avtale med den som skal utføre arbeid for kommunen.
2. Forsikring i samband med heimekontor
  - Forsikringsselskapa dekker yrkesskader som oppstår ved bruk av pålagt heimekontor. Det vert lempa noko på reglane om at det må vere ein klar avtale om dette mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar i den spesielle situasjonen Noreg er midt opp i. Vi har alle eit pålegg fra regjering og arbeidsgjevar om å nytte heimekontor så langt dette er mogleg. Yrkesskadeforsikringa vil dekke den tilsette under utøving av arbeide for arbeidsgjevar. Det kan likevel vere ein krevjande grensegang mellom kva som definerast som yrkesutøving og fritid ved bruk av heimekontor. Tilfelle som oppstår i gråsona vil bli handsama individuelt. Private gjeremål som henting av post, lufting av hund, oppfølging av born ol. vil ikkje bli definert som yrkesskade, sjølv om det inntreff innanfor det som er definert som arbeidstid. Har ein i tillegg til yrkesskadeforsikring dekka kollektiv fritidsulykke vil denne forsikringa normalt sett fange opp hendingar som ikkje er definert som yrkesskade.

## **PENSJONISTAR**

### **Eg mottok pensjon og blir bedt om å jobbe ekstra no**

1. Får du alderspensjon fra folketrygda, kan du jobbe så mykje du vil utan å få redusert pensjon.
2. I samband med koronaviruset har regjeringa bestemt at kan du arbeide uten å få redusert pensjonen dersom du mottok
  - alderspensjon fra tenestepensjonsordning i offentlig sektor (KLP og Statens pensjonskasse)
  - avtalefesta pensjon (AFP) i offentlig sektor

Unntaksregelen gjeld frå 16. mars og fram til 1. november og gjeld arbeid i ein del virksomheter i helsetjenesten:

- den offentlege helse- og omsorgsteneste og sosialteneste og kommunen sitt folkehelsearbeid

Ta kontakt med din eigen tenestepensjonsordning for meir informasjon om kva du må gjere.

Medlemmar av SPK mellom 62 og 64 år treng ikkje å melde til NAV om arbeid i samband med koronaviruset. I etteroppgjeret for inntektsåret 2020 dokumenterer du kva inntekt som stammar frå arbeid i samband med koronaviruset. Etteroppgjeret gjerast hausten 2021. Arbeidsgjevar kan hjelpe deg med dokumentasjonen.